



Austevoll kommune

MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAPET

Møtedato: 03.09.2009

Møtetid: Kl. 15.00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 088 – 101

Følgjande medleamar møte:	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	FrP	Øystein Østervold	FrP
Jostein Blænes			
Renate Møgster Klepsvik			
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Jane Stangeland	Ap		
Julie Solbakken	H		
Morten Storebø	H		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møte
Kjetil Østervold	FrP	Øystein Østervold

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Vedlegg til sak 0097/09 - Gråsidalen
Innkalling:	
Merknader:	
Synfaring:	
Diverse:	


Helge Andre Njåstad

Ordførar


Jostein Blænes



Renate Møgster Klepsvik


Edvard Johannes Stangeland


Jane Stangeland


Julie Solbakken


Morten Storebø


Øystein Østervold

089/09: UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA

Rådmannen si tilråding:

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Saka går ut.

090/09: POLITISK KVARTER

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Er det mogeleg at kommunen kan overta lån evt. stille som garantist for lån som idrettslaga har på idrettsbanane. Hundvåkøy idrettslag betaler til dømes 5,5% rente på lånet, og kommunen ville truleg kunne fått ei rente 2% lågare.

Svar frå rådmannen:

Problematikken har vore teke opp i samband med utbygging av idrettsbanen på Selbjørn. Ordninga med at kommunen stiller som garantist er stramma inn. Overtaking av lån vil fylkesmannen måtte godkjenne. Kommunen vil neppe få slik godkjenning.

Spørsmål frå Renate Klepssvik:

Mogeleg å få sidenr. på saksdokumenta?

Standard på kommunale vegar er i dårleg forfatning. Skuleveg frå Hausneset byggefelt er utrygg – gjeld ca. 1 km. Er det mogeleg å få skilting og fartsdumper på vegen og fjerna trær m.m.?

Svar frå rådmannen:

Sidenr. på saksdokument kan ordnast.

Rådmannen har fått spørsmål om dette tidlegare og det vil bli lagt fram orientering til kommunestyret. Skilting blir eingangsutgift, vedlikehald/rydding blir ein fast utgift.

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Bør kommunen tenke på å overta deler av Austevollshallen, gjeld spesielt det sosiale rom og kjøkken. Kan det lagast sak/planer for dette.

Det vart i si tid brukt pengar på areal til offentleg servicekontor. Det er lite aktivitet, lite folk som nyttar arealet. Kan kommunen ta ei revurdering av bruk av arealet.

Ferje Hufthamar – Krokeide, dokumentasjon av gjenståande bilar og parkerte bilar.

Svar frå rådmannen:

Det sosiale rom og kjøkken vil gagne skulen og kommunen bør sterkare inn. Dette bør koma frå skulen i samband med budsjetthandsaminga.

Arealbruk offentleg servicekontor – rådmannen vil følgje dette opp.

Svar frå ordføraren:

Ferjesaka – vil følgje opp og sjekke om rapporteringa er korrekt med tanke på gjenståande bilar.

FSK-090/09 Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

091/09: Referatsaker

Rådmannen si tilråding:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-091/09 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

092/09: MELDING OM SKATTEINNGONGEN FOR JUNI 2009

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-092/09 Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

093/09: MELDING OM KOMMUNEN SINE LÅN OG LÅNEVILKÅR

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si melding om kommunen si lånegjeld og lånevilkår til orientering.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-093/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si melding om kommunen si lånegjeld og lånevilkår til orientering.

094/09: REKNESKAPSRAPPORT ETTER 1. HALVÅR 2009

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter 1. halvår 2009 til orientering.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-094/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter 1. halvår 2009 til orientering.

095/09: REKNESKAPSRAPPORT JULI 2009

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter juli 2009 til orientering.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-095/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter juli 2009 til orientering.

096/09: SØKNAD OM Å FÅ GRATIS LOKALE I KULTURSALEN STOREBØ BARNESKULE TIL BYGDAKINO

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret har fordelt alle midlane som var avsett til tilskot til lag og organisasjonar og søknaden kan difor ikkje imøtekomast.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommunestyre synest det er positivt at Austevoll Røde Kors organiserer bygdakino, og ønskjer å medverke til at dette framleis er mogleg gjennom gratis leige av kultursalen ved filmframsyning.

Finansiering: Tilskot til ungdomsorganisasjoner konto nr. 14701.2410.2310.”

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Renate Møgster Klepsvik: Framlegget frå Renate Møgster Klepsvik vart samrøystes vedteke.

FSK-096/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre synest det er positivt at Austevoll Røde Kors organiserer bygdakino, og ønskjer å medverke til at dette framleis er mogleg gjennom gratis leige av kultursalen ved filmframsyning.

Finansiering: Tilskot til ungdomsorganisasjoner konto nr. 14701.2410.2310.

097/09: SAL AV STOREBØ MARINA (GRÅSIDALEN)

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vedtek å selja Storebø Marina og området nedanfor kommunehuset til budgjevar for kr. 1.500.000 + omkostnader, med dei klausuleringar som ligg i saka.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland og Jostein Blænes var ugild under handsaminga.

Det vart lagt fram skriv frå Austevoll reiselivslag, datert 03.09.09.

FSK-097/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å selja Storebø Marina og området nedanfor kommunehuset til budgjevar for kr. 1.500.000 + omkostnader, med dei klausuleringar som ligg i saka.

098/09: UNGDOMENS KOMMUNESTYRE

Ordføraren si tilråding:

Austevoll kommune opprettar "Ungdomens kommunestyre"

Samansetting vert:

- Elevrådet ved Austevoll vgs
- Elevrådet ved Austevoll ungdomsskule

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-098/09 Vedtak:

Austevoll kommune opprettar "Ungdomens kommunestyre"

Samansetting vert:

- Elevrådet ved Austevoll vgs
- Elevrådet ved Austevoll ungdomsskule

099/09: REGULERINGSPLAN STENEVIK HAVN - KLAGE PÅ GEBYRSATS

Rådmannen si tilråding:

Sten Terje Østervold har i brev dt. 06.07.09 søkt kommunen om redusert gebyr for omsøkte endringer i reguleringsplanen for Salthella. Planendringane gjeld omgjerung av naustområde til område for bustader og næringsverksemd. Endringane er av klart vesentleg karakter og gebyrsatsen er av kommunestyret fastsett til kr. 31.977,- for denne perioden. Formannskapet vil difor halde fast ved det krav som rådmannen har sendt søkjar for denne plansaka.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå ordføraren:

"Austevoll formannskap har vurdert denne enkeltsaka og har vurdert kompleksiteten slik at gebyret vert kr. 6.270,- (som mindre vesentleg endring). Dette utifrå at saka er godt opplyst gjennom tidlegare handsaming og det faktum at tiltaket er i tråd med kommuneplanen finn

formannskapet etter ei heilhetleg vurdering å handsame gebyret som mindre vesentleg endring.”

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget frå ordføraren.
Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FSK-099/09 Vedtak:

Austevoll formannskap har vurdert denne enkeltsaka og har vurdert kompleksiteten slik at gebyret vert kr. 6.270,- (som mindre vesentleg endring). Dette utifrå at saka er godt opplyst gjennom tidlegare handsaming og det faktum at tiltaket er i tråd med kommuneplanen finn formannskapet etter ei heilhetleg vurdering å handsame gebyret som mindre vesentleg endring.

100/09: STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2009 - LØN OG GODTGJERING
Rådmannen si tilråding:

Austevoll formannskap vedtek at medlemmer av valstyret og valfunksjonærane får ei godtgjering og vert løna med kr. 180,- pr. time etter medgått arbeidstid og med tillegg av overtidsbetaling etter gjeldande satsar.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-100/09 Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at medlemmer av valstyret og valfunksjonærane får ei godtgjering og vert løna med kr. 180,- pr. time etter medgått arbeidstid og med tillegg av overtidsbetaling etter gjeldande satsar.

101/09: DEL AV GNR. 33 BNR. 0002 ØKLAND. SØKNAD OM UTBYGGING I
KOMMUNAL REGI.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre er positiv til å byggje ut infrastruktur innafor grensene til reguleringsplan – hyttefelt, for del av gnr 33, bnr 2 og til eksisterande FV som OPS-prosjekt (offentleg privat samarbeid).

1. Søknad om rammeløyve (byggeløyve) for infrastruktur må sendast til avd. for byggesak, jf plan- og bygningslova §§ 93 og 95a.
2. Faktureringsplan/ avtale må utarbeidast mellom eigarar av gnr. 33, bnr. 2 og Austevoll kommune. Vidare må det utarbeidast avtale om drift- og vedlikehald av infrastrukturen, utan kostnader for kommunen.
3. Austevoll kommune innhenter pris frå føretak (innan fagområdet,-veg, vatn og avløp) vedk byggesøknad, PRO/ KPR, materiale for og utlegging på doffin-basen, samt arbeidteikningar, m.m.
4. Anbod lysast ut i kommunal regi og Austevoll kommune står som byggherre/ tiltakshavar.

5. Deler av meirverdikompensasjonen går til Austevoll kommune som byggherre/ tiltakshavar, her visast det til kommunen sin nødvendige medverknad i prosjekteringa og utføringa av tiltaket. Deler av meirverdikompensasjonen vert gjeve som tilskot til tiltaket.
6. Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å framforhandle avtaler/ kontraktar, samt signering av desse. Vidare frå rådmannen fullmakt til å avgjere størrelse på delen av momskompensasjonen som går til Austevoll kommune, jf pkt nr 5.

03.09.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-101/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre er positiv til å byggje ut infrastruktur innafør grensene til reguleringsplan – hyttefelt, for del av gnr 33, bnr 2 og til eksisterande FV som OPS-prosjekt (offentleg privat samarbeid).

1. Søknad om rammeløyve (byggeløyve) for infrastruktur må sendast til avd. for byggesak, jf plan- og bygningslova §§ 93 og 95a.
2. Faktureringsplan/ avtale må utarbeidast mellom eigarar av gnr. 33, bnr. 2 og Austevoll kommune. Vidare må det utarbeidast avtale om drift- og vedlikehald av infrastrukturen, utan kostnader for kommunen.
3. Austevoll kommune innhenter pris frå føretak (innan fagområdet, -veg, vatn og avløp) vedk byggesøknad, PRO/ KPR, materiale for og utlegging på doffin-basen, samt arbeidteikningar, m.m.
4. Anbod lysast ut i kommunal regi og Austevoll kommune står som byggherre/ tiltakshavar.
5. Deler av meirverdikompensasjonen går til Austevoll kommune som byggherre/ tiltakshavar, her visast det til kommunen sin nødvendige medverknad i prosjekteringa og utføringa av tiltaket. Deler av meirverdikompensasjonen vert gjeve som tilskot til tiltaket.
6. Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å framforhandle avtaler/ kontraktar, samt signering av desse. Vidare frå rådmannen fullmakt til å avgjere størrelse på delen av momskompensasjonen som går til Austevoll kommune, jf pkt nr 5.